

Retningliner for motorferdsel i utmark – Surnadal kommune 2022 – 2026

Formålet med retningslinene er å følge opp intensjonane i nasjonalt regelverk for motorferdsel i utmark, og legge til rette for god saksbehandling innafor dette feltet i Surnadal kommune. I dette ligg særleg forutsigbarheit og likebehandling. Retningslinene skal også bidra til at lovlege transportformål, i tillegg til ferdsel som er direkte har direkte heimel i motorferdsellova § 4, kan gjennomførast utan at det skadar naturmiljøet eller kjem i konflikt med tradisjonelt friluftsliv. Ved store regelbrot kan kommunen trekkja tilbake løyve.

1. Generelt

1.1 Virkeområde og definisjonar

Retningslinene sett rammer for Surnadal kommune si praktisering av:

- Lov om motorferdsel i utmark (motorferdselloven) §6
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag (nasjonal forskrift) §5, 1. ledd a-f og §6.

Med motorferdsel meinast her bruk av kjøretøy (til dømes bil, traktor, motorsykel, ATV, beltebil og snøskuter) og båt eller anna flytande eller svevande fartøy drive med motor / el-motor, samt landing og start med motordrive luftfartøy. Lasting og lossing av personar og gods er definert som landing sjølv om helikopteret ikkje berører bakken.

Med utmark meinast udyrka mark som etter lov om friluftslivet ikkje blir rekna som innmark. Setervoll, hustomt, engslått, kulturbeite og skogplantefelt som ligg i utmark reknast som utmark.

Veg i utmark som ikkje er opparbeidd for kjøring med vanleg personbil, er å ansjå som utmark. Det same gjeld opparbeidd veg som ikkje er brøyt for kjøring med vanleg personbil.

Med vassdrag meinast opne og islagte elver, bekker og innsjøar.

1.2 Informasjon om regelverket for motorferdsel i utmark

På miljødirektoratet og Surnadal kommune sine heimesider finnast nærmare informasjon om temaet. Søknadskjema finnast på kommunen si heimeside.

Reglane for motorferdsel i utmark utdypast i desse statlege rundskriva:

- [Rundskriv T-1/96 «Om lov om motorferdsel i utmark og vassdrag»](#)
- [Rundskriv T-6/09 «Om endringer i Nasjonal forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og islagte vassdrag»](#)

1.3 Forholdet til grunneigar

Den som skal utføre motorferdsel i utmark skal sjølv innhente nødvendig løyve frå berørte grunneigarar. Grunneigar kan med heimel i §10 i motorferdselloven nekte eller avgrense motorferdsel på sin eigedom.

1.4 Kjøretrasear

All kjøring skal skje etter kortaste og mest naturlege trase. Ved kjøring til hytter i hyttefelt / hytteområde skal felles trase inn til området nyttast. Deretter kortaste trase til den enkelte hytte.

2. På vinterføre

2.1 Ervervsmessig transport (leigekjøring). Nasjonal forskrift, §5, første ledd bokstav a.

Kommunen er delt inn i desse sonene med angitt antal løyve:

Nr.	Område	Antall
1	Todalen	1
2	Strengen/Syltnebbba/Kvenndalen/Østbødalen	1
3	Stangvik	1
4	Vindøldalen	Inntil 4
5	Folldalen	1
6	Østre Nordmarka	Inntil 2
7	Vestre Nordmarka	Inntil 2
8	Bæverdalen	Inntil 2
9	Bæverfjord/Åsskard/Sollislett/Bøfjorden	1

Personar med slikt løyve får kjøre nødvendig antall turar pr. vintersesong. Dei som har slikt løyve skal så langt råd er ta på seg transportoppdrag for andre både på helg og kvardag. Innehavar av løyve er ansvarleg for at vilkår og øvrig regelverk blir overhalde. Er innehavar eit firma, foreining eller liknande er leiar ansvarleg.

2.2 Funksjonshemma med legeattest. Nasjonal forskrift, §5, første ledd bokstav b.

Det innvilgast ubegrensa turar pr. vintersesong til hytte ved varig funksjonshemming. I tillegg inneber innvilging moglegheit til å kjøre til andre hytter i nærområdet, der det ikkje kjem i strid med naturmangfoldslova og til unødig sjenanse for andre. Trasear som skal brukast for å besøkja andre hytter må søkjast om på lik linje med køyring til eiga hytte. Hytter for besøk skal nærare enn 2,5 kilometer frå eiga hytte eller vera i same hyttefelt.

Transporten gjeld berre kjøring av funksjonshemma person inkl. bagasje og utstyr. Den funksjonshemma må være eigar eller leigar av hytte eller inngå i eigar sin nærmaste familie (rett oppstigende eller nedstigende ledd og ektefellar alternativt sambuar med dei). Barn og foreldre treng ikkje å vera folkebokført på same adresse. Svigerbarn må ikkje vera gift, men kan vera busett på den same adressa.

2.3 Transport av bagasje og utstyr til hytte. Nasjonal forskrift, §5, første ledd bokstav c.

Det kan innvilgast 12 tur-retur pr. vintersesong til hytte som ikkje ligg ved brøyta bilveg. Transporten gjeld bagasje og utstyr, ikkje persontransport. Personar kan sitte på saman med bagasje når dette ikkje medfører ekstra kjøring. Det kan gis berre éit løyve til kvar hytte og dette gis til hytteeigar, leigar eller nærmeste familie (rett oppstigende eller nedstigende ledd og ektefellar alternativt sambuar med dei). Barn og foreldre treng ikkje å vera folkebokført på same adresse. Svigerbarn må ikkje vera

gift, men kan vera busett på den same adressa. Til saman 3 personar kan benytte dette løyvet og desse må inngå i definisjonen av hytteeigars nærmaste familie.

Turane skal førast på kjørebrev før kjøring startar. Kjørebrev skal til ei kvar tid kunne visast fram ved kontroll.

2.4 Kjøring i utmarksnæring for fastbuande. Nasjonal forskrift, §5, første ledd bokstav d (utanom ordinær jord- og skogbruksverksemd)

Løyve skal normalt gis viss søkar viser at verksemda er inntekstmessig relevant ved framvising av næringsoppgåve eller økonomisk driftsplan. Første gongs løyve kan gis for inntil 2 år. Viss den næringsdrivande etter utløpet av perioden kan dokumentere ei omsetning av betydning kan løyvet forlengast med 4 år av gangen.

2.5 Transport av ved. Nasjonal forskrift, §5, første ledd bokstav e.

Det kan innvilgast 3 kjøredagar pr. vintersesong til dette formålet. Løyve er nødvendig ved transport av ved frå eigen eigedom til annan stad enn fast bopel og transport av ved frå andre sin eigedom. Personar som også har løyve etter §5c for transport til hytte skal kombinere denne kjøringa med vedtransport med heimel i §5e. Køyning av ved kjem i tillegg til køyning i samsvar med nasjonal forskrift, §5, første ledd bokstav C.

2.6 Gruppeturer på snødekt mark. Nasjonal forskrift, §5, første ledd bokstav f.

Bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, medlemar av pensjonistforeningar eller forflytningshemma kan gis løyve til gruppeturar med snøskuter. Gruppeturene må være arrangert av helse- og omsorgsinstitusjonar eller ideelle organisasjonar til eit bestemt turmål.

2.7 Avgjerd etter nasjonal forskrift §6 (løyver til transport utover §§ 2-5 i nasjonal forskrift)

Antall turar som innvilgast vil variere avhengig av formål og søkar sitt behov. Kommunen kan etter skriftleg søknad gi løyve til køyning utover § 2–§ 5, dersom søkaren påviser eit særleg behov som ikkje knyter seg til turkøyning, og som ikkje kan dekkast på annan måte. Før eventuelt løyve blir gitt, skal transportbehovet vurderast mot moglege skadar og ulemper i forhold til eit mål om å redusera motorferdselen til eit minimum.

2.8 Oppkjøring av skispor

Preparering av skiløyper skjer med heimel i §3e. i nasjonal forskrift. Preparering skal utførast av kommunen, idrettslag, hjelpekorps, turlag eller turistbedrifter og løypene skal være opne for allmennheita eller til konkurransar. Reglane i naturmangfoldlova skal leggst til grunn for å unngå konflikt med sårbare naturtypar og artar av fugl og vilt. Oppkjøring av skispor i verneområde skal avklarast med forvaltningsmyndigheita.

2.9 Tidsavgrensingar

Ingen løyver til motorferdsle i utmark gitt av Surnadal kommune gjeld for et lengre tidsrom enn desse retningslinene er gyldige.

Løyve gjevne i medhald av §6 i nasjonal forskrift gjeld normalt for berre 1 år om gongen. I særlege tilfelle, som ved kjøring i næringssamanheng, kan det bli gjeve løyve for inntil 3 år om gongen.

Kjøring med heimel i §§ 5b - f i nasjonal forskrift er lov fram t.o.m. 20. april, eller 2. påskedag når 20. april kjem før påske.

Kjøring med heimel i § 5a i nasjonal forskrift (ervervsmessig kjøring / leigekjøring) er lov fram t.o.m. 5. mai.

Kjøring med heimel i §5 a-f i nasjonal forskrift er forbode på natt heile veka mellom kl. 22.00 og 07.00.

Kjøring med heimel i §5 a-f i nasjonal forskrift er forbode i jula mellom julaften kl. 16.00 og 2. juledag kl. 14.00.

Kjøring etter §5 a-f i nasjonal forskrift er forbode i nyttårshelga mellom nyttårsaften kl. 16.00 og 1. nyttårsdag kl. 14.00.

Kjøring med heimel i §5b - f i nasjonal forskrift er forbode i desse tidsromma:

- laurdag kl. 16.00 - søndag kl. 14.00
- skjærtorsdag kl. 14.00 - påskeaften kl. 07.00
- påskeaften kl. 16.00 - 2. påskedag kl. 14.00

Kjøring med heimel i §3d i nasjonal forskrift (Transport av materialer, utstyr og arbeidsfolk i samsvar med byggeløyve) er lov fram til 5. mai og skal følge tidsavgrensingane innafor døgnet som nemnt over.

Tidsrom i løyver til kjøring i Trollheimen landskapsvernområde skal samordnast med løyver gitt av verneområdeforvaltninga.

3. På barmark

Det skal først ein streng praksis for motorferdsel på barmark. Ved tildeling av løyver må det ligge føre eit særleg behov som ikkje kan dekkast på annan måte og som ikkje er knytt turkjøring. Kjøretrase må være egna for kjøring slik at terrengskadar unngåast i så stor grad som muleg.

Søknadar om motorferdsel på barmark behandlast med heimel i §6 i nasjonal forskrift. Antall turar som innvilgast vil være avhengig av formål og søkar sitt behov.

4. Luftfartøy

Søknadar skal behandlast i tråd med §6 i motorferdselloven. Løyve til bruk av luftfartøy kan berre bli gitt for eit bestemt antall turar innafor eit avgrensa tidsrom og ikkje til persontransport. Perioden

01.04. – 15.07 vurderast som hekke- og yngletid for fugl og vilt, og helikoptertransport bør om muleg unngåast. Likeins bør perioden mellom kl. 12.00 laurdag og kl. 16.00 søndag unngåast.

5. Motorferdsel på vassdrag

Søknadar skal behandlast i tråd med §6 i motorferdselloven. Det er også fastsett eiga lokal forskrift om bruk av motorfartøy på vatn og vassdrag i Surnadal kommune. Forskrifta finnast på <https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2019-09-05-1127>

6. Delegasjon

Lov om motorferdsel i utmark §6:

- Avgjerdsmynde blir delegert frå kommunestyret til einingsleiar.

Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag §5, §5a, §5b og §6:

- Avgjerdsmynde blir delegert frå kommunestyret til einingsleiar.

7. Varigheit

Desse retningslinene gjeld til 1. desember 2026.